



Årsmelding

for
Sveio Orienteringslag
2023



Dei første vinnarane av 30-årsplaketten i turorientering, Frøydis og Oddbjørn Valen

Årsmøtet i 2023 blei halde i Førde Samfunnshus 27. april.

Desse blei valde til å leia laget:

Hovudstyret:

Thomas Førde attval for 1 år

Kjetil Fiskå ikkje på val

Kristian S. Førde ikkje på val

Karl Inge Instefjord attval for 2 år

Astrid Førstund attval for 2 år (korrigerert)

Varamedlemmer til hovudstyret:

Geir Milford 1. varamedlem, attval for 1 år

Hjalmar Lokna 2. varamedlem, attval for 1 år

Øystein Opedal 3. varamedlem, attval for 1 år

Turorienteringsutvalet:

Thomas Førde attval for 1 år

Astrid Førstund attval for 1 år

Karl Inge Instefjord ikkje på val

Olaug Fagerland attval for 2 år

Leif Grutle attval for 2 år

Alice Enerstvedt attval for 2 år

Revisor: Jostein Ottesen attval for 1 år

Diverse:

Utendingar til Rogaland O-krets sitt ting: Kjetil Fiskå og Thomas Førde

Utendingar til årsmøte i Sveio Idrettsråd: Astrid Førstund og Karl Inge Instefjord

Utendingar til årsmøte i Førde Samfunnshus: Karl Inge Instefjord med vara Hjalmar Lokna

Astrid Førstund med vara Geir Milford

Medlemstal, register og innkrevjing av kontingent

89 medlemmer er registrert, mot 87 ved førre årsskifte. Frå og med 2020 må innkrevjing av medlemspengar skje digitalt. Det har vore ei krevjande omstilling, både for oss som lag og for medlemmane. Enkelte slit med å finna ut av det nye systemet. Det gjeld særskilt når nye medlemmer skal melda seg inn.

Terskelen for å bli medlem i eit idrettslag er truleg blitt høgare enn før. Innmelding skal fortrinnsvis skje ved at nye medlemmer registrerer seg sjølv på Idrettsforbundet sine sider. Her kan folk koma til å oppleva ei digital sperre og dermed i verste fall droppa innmelding.

Me kan i første omgang laga ei enkel oppskrift på innmelding til laget og leggja denne inn i tur- o- konvolutten.

Kart-arbeid

Hausten 2023 engasjerte me Ørjan Ravndal i selskapet Skogsopplevelser til å revidera o-kartet vårt i **Auklandshamn**. Prosjektet er delt opp i fleire byggetrinn. Det første trinnet var å revidera, gjennom synfaring og reinteikning terrenget sør for skulen og sør for bedehuset. Målet var å få denne delen klart til bruk under Vestlandspremieren i april 2024. Det greidde me.

Det er sendt inn søknad om spelemidlar for dette første byggetrinn og for fleire trinn til ein samla stipulert kostnad av kr. 600 000. Me har i skrivande stund ikkje fått svar på denne søknaden. Kor store delar av det eksisterande Auklandshamn-kartet frå 2004 som bør bør/kan reviderast, er avhengig av utfallet av spelemiddelsøknaden. Men det er ønskjeleg å oppdatera og revidera dei delane av 2004-kartet som er mest aktuelle å nytta til konkurranseorientering og til turorientering. Det gjeld Eikelandsneset/Slettene og Nyland - Slettafjellet og eventuelt vidare vestover i retning Storavatnet og Tjernagel.

Det nye o-kartet over **Førde sentrum**, med Strando og RexGarden er ferdigstilt og godkjent av Rogaland O-krets. Kartet har vore i bruk fleire gonger under Finn Fram dagar, til Sommar-o-postar og ikkje minst til kretsløp i sprintorientering og til nær-o-løp to gonger. Me har fått utbetalt dei omsøkte spelemidlane til prosjektet, ca. kr. 200 000. Det som står att er refusjon av moms. Dette har me søkt om og søknaden er godkjent og innvilga. Men Lotteri- og stiftelsestilsynet har førebels ikkje betalt oss pengane, om lag kr. 70 000, som dei skuldar.

Konkurranseorientering

Eigne arrangement:

Nær-o-løp tysdag 29. august: Førde skule blei valt som arena. Deltakarane fekk tilbod om i alt fire ulike løyper som var laga av Kjetil og Thomas. Løypene varierte i lengde mellom 1,4 og 4 kilometer. Start blei lagt til p-plassen ved vegkrysset mellom E39 og vegen ned til sentrum i Førde, medan målområdet var på skuleplassen. Nær 40 løpararar frå Sunnhordland og Nord Rogaland deltok.



Ein av våre eigne, Vegard Havrevoll, gjer seg klar før Geir Milford gir startsignal



Geir Milford og Kjetil Fiskå samordnar startlister og resultatlister

Deltaking i andre o-løp:

SOL hadde fire deltakarar i årets utgåve av Sørlandsgaloppen som blei arrangert i Arendal og Grimstad i tida 29. juni til 2. juli. Dessutan hadde SOL deltakarar på heimebane i august i nær-o-løpet i Førde. Kristian har deltatt i natt-o-løp i Oslo-området.



Gjer klar for start i Sørlandsgaloppen 2023

Tur-orientering



Sal av kart og materiell viste ein stor framgang. I 2023 selde me 184 konvoluttar, 59 av desse var av typen Nærtrim/Barnas Tur-o. I 2022 selde me til saman 149 konvoluttar. Dermed vart salet i 2023 om lag like høgt som i rekordåra/koronaåra 2020 og 2021.

Samtidig ser me at tur-o-folket blir meir digitale. Kart blir flittig lasta ned frå nettsida til tuororientering.no. Det gjeld i første rekke gratisturar, slike som sommarpostane og løypa under Finn Fram-dagen. Men og turar som me tar betaling for. Det blir og selt heile turpakkar som tilsvarar alle kart i konvoluttan via nettet. Dertil lastar folk ned kart digitalt ved å nytta seg av konvoluttkodekortet, som ligg i papirkonvoluttan. I 2023 blei kart lasta ned /kjøpt om lag 80 gonger gjennom sesongen.

Me hadde i år avtale med tre butikkar som selde fysiske tur-o-pakkar for oss: Haukås Bensinstasjon, Førde Daglegvare og Valevåg Nærbutikk.

Nærtrim/Barnas Tur-o

Dette er ei enklare form for turorientering, som samtidig har passande utfordringar også for vaksne, som vil prøva tur-o med 20 ulike postar. Kvar post er markert med raude og kvite flagg og i tillegg står det på flagget skrive nummeret til posten og to bokstavar som registreringskode. Kvar post er også utstyrt med ei teikning som ein finn att på kontrollkortet i eiga rubrikk ved kvart postnummer.

Postbesøket kan også registrerast digitalt via tur-o-appen på mobiltelefonen.

På kvart av karta i posen var teikna inn fem postar. Det betyr i praksis at det var lagt opp til minst fire turar i terrenget. Denne sesongen var dei 20 postane fordelte på følgjande terreng/kart: Sveio Vest-kartet nær Paddevegen og Fjellstad. I Førde langs den nye skogsvegen i Solheimsdalen nord for Samfunnshuset. I Auklandshamn langs stien sørover frå skulen og i Valevåg i Eivindsmarka mellom Valevåg og Einstabøvoll.

Familie-tur-o

Årets fem kart og terreng-område inneheld til saman 72 tur-o-postar.



Utsyn mot kulturkyrkja frå Valestrandsfjella.



Fann ein sjeldan busk for postplassering nær Ryvarden

Drange-Rødspollen: I dette terrenget nytta me det store Førde-kartet. Postane låg i nærleiken av stien til Storestraumen ved Rødspollen og langs stien på åsryggen rett nordover frå Drange.

2. Førde - Lier: Postane låg i variert og til dels brattlendt skogsterreng i nærleiken av skogsveggar turstiar i området sørover i retning Lier.

3. Ryvarden-marka: 15 postar var lagt ut på sørsida av vegen vestover til Ryvarden fyr. Fleire av postane låg i nærleiken av ein nyleg oppmerka tursti. Langs Mølstrevågen kom deltakarane framom ein idyllisk stad, kor det er sett opp bord og kvilebenker. På denne staden kan ein tydeleg sjå restar etter eit gammalt steinbrot der byggjematerialar mellom anna til Haugesund sitt monumentale rådhus blei sprengt laus.

4. Skålaskog - Avløype: I dette området har SOL aldri tidlegare lagt ut tur-o-postar. Tur-terrenget, som ligg på sørsida av Mølstrevågen, er ope og småkupert og relativt lett å ta seg fram i. Nokre myrar måtte forserast.

5. Auklandshamn: Her blei laga ein sær innhaldsrik tur med start frå stien til Slettafjellet. Vidare låg fleire postar langs stien som fører til Nipastova og derifrå til Emberlandsnipen. Dei som ville besøkja alle dei 15 postane i området, måtte bøya vestover lenge før dei kom til Nipastovo. Postnr. 50 låg på toppen av Tindafjellet, kor det er strålande og vidt utsyn.

6. Valestrand-fjella: Nokre veker etter sesongstart, lanserte me ein sjette tur. 10 postar blei lagt ut i terrenget mellom Ulveraker og Tråvås, kor me nytta eit Mapant-kart. Bratt terreng, men ei flott oppleving når ein kom opp i høgda og fekk utsyn. Denne turen blei berre lansert digitalt, men mellom 30 og 40 deltakarar registrerte postbesøk på nettet frå denne turen.

Kaffipost



Vårens kaffipost blei arrangert søndag 11. juni, den dagen då sommaren verkeleg slo til. Posten var lagt til Storestraumen ved innløpet til Rødspollen. Velforeininga i området har gjort ein kjempeinnsats med restaurering av kaikanten/slusa langs straumen. Ein tydeleg sti er dessutan merka frå Drange og fram dit Kaffiposten blei halden.

Sommarpostar



Karl Inge installerer sommarpost

I alt 14 stolpe-postar blei sette ut i sommar. Dette tilbodet er meint som eit lågterskeltilbod innan tur-o. Postane blei delte på to turar som begge stetta Orienteringsforbundet sine krav til grønne turar. Det tyder mellom anna at postane skal kunne nåast av rullestolbrukarar. Karta blei gjort tilgjengelege via portalen vår på turorientering.no. Sju av sommarpostane låg ute i terrenget i Førde, frå kyrkja langs elvastien til Strando og ned mot kaien.

Dei andre sju stolpepostane blei plasserte nær grusvegen mellom Mølstrevåg og Ryvarden fyr.

Finn Fram dagen



Finn Fram-dagen blei arrangert i godt vêr på Strando i Førde søndag 27. august. Sveio O-lag hadde denne gongen fått med Førdespeidarane og Sveio Turlag som medarrangørar.

Deltakarane i rundløypa, vel 150 i talet, fekk utdelt kart med åtte innteikna aktivitetspostar. Det nye sprintkartet over Førde blei nytta. I tillegg til o-tekniske oppgåver på dei åtte postane langs rundløypa, kunne dei ulike lag og organisasjonar tilby ymse andre aktivitetar på kvar sine tildelte postar. Alle som gjennomførte rundløypa fekk deltakarpremie.

Førde-speidarane kunne tilby kajakk-padling på grunt vatn. Sveio O-lag kunne sjølv tilby speed-orientering. Sveio Turlag kåra søndagens sterkaste i ulike klassar, der deltakarane måtte halda vassbøtter på strak arm så lenge dei makta. Det blei og halde tevling i pilkast.

I grillhytta på Strando selde Sveio O-lag pølser i brød og nysteikte vaflar med kaffi eller saft attåt. Premie til alle som fullførte rundløypa blei delt ut ved målpassering. Dessutan var det premiering til dei beste i pilkastkonkurransen og i vassbøttebering. Premiar i speed-orientering blei utdelt etter loddtrekking. I tillegg blei det trekt ut premiar blant alle deltakarane i årets arrangement.

Årsfest/merkeutdeling



Mange plakett-vinnarar etter årets tur-o-sesong. Men dei aller gjevaste plakettane fekk 30-årsjubilantane, Frøydis og Oddbjørn Valen. Valestrand Mannskor heldt konsert medan det blei jubileumskake nok til alle

Historisk sus over årsfesten

For første gong kunne Sveio Orienteringslag under årsfesten i Førde Samfunnshus dela ut plakettar til nokon som har oppnådd gullmerke 30 år på rad. Dei fortjenestefulle vinnarane av denne høgthengjande utmerkinga var Frøydis og Oddbjørn Valen.

Prestasjonane deira, som særst uthaldande turorienterar gjennom minst 30 år, inneber mellom anna at dei har besøkt minst 1500 postar i ulike terreng opp gjennom åra. Som arrangørklubb set me stor pris på ha slike aktive og uthaldande utøvarar.

Under årsfesten var det mange som kunne ta imot heidersteikn. Harald Selsås blei heidra med plakett etter å ha gjennomført 25 sesongar med oppnådd gullmerke, medan Torhild Matre og Roald Johannessen var begge 20-årsjubilantar. Wigdis Svendsbø og Olaug Fagerland har oppnådd gullmerke gjennom 15 sesongar.

Blant dei sju tiårs-jubilantane er fire frå same familie, Kari, Karl Emil, Birk og Ronja Thuseth. Dessutan kunne yngste familiemedlem, Tindra Thuseth, motta fem-årsplaketten saman med fire andre ihuga orienterarar.

I tillegg til plakettvinnarane blei meir enn 150 av årets deltakarar pynta denne kvelden med oppnådd merke i gull, sølv eller bronse.

Ei sesongavslutning med så mange vinnarar blei dessutan markert me underhalding av Valestrand Mannskor og med servering av ei gedigen jubileumskake.

Utstyr

Løpsdrakter blei produserte av Trimtex i 2010 etter vårt design og blei selt til medlemmane for kr. 300 (for vaksne) og kr. 200 for medlemmer under 17 år. Me har framleis nokre svært få løpsdrakter på lager. Overtrekkdressar: Det ligg nokre få overtrekkdressar på lager etter fornyinga i 2009.

T-skjorter: I samband med at SOL arrangerte DM Vest i 2014 og at me tok i bruk nytt kart, markerte me desse storhendingane gjennom å spandera på oss nye T-skjorter med påtrykt klubblogo. T-skjortene blei tatt i bruk til alle funksjonærane under DM-Vest. Me har framleis nokre av desse T-skjortene igjen på lager.

Telt: Det første tunnel-teltet blei kjøpt inn i Sverige i 2005. Røynslene med denne typen telt er gode. Me har difor kjøpt inn eit liknande telt, i gult med påtrykt klubbnamnet vårt. Dette innkjøpet er i første rekke gjort med tanke på gjennomføringa av eigne arrangement. Eit partytelt som er lett å setja opp blei kjøpt inn til Finn Fram-dagen i 2023. Seinare på hausten kjøpte me også eit større brukt partytelt for kr. 500.

Klubbfana: For første gong skaffa klubben seg lagsfane eller klubbflagg i 2010. Dette flaget i grønt med Sveio O-lags logo på pluss klubbnamn og teksten: "Me gjere det i skogen", blei produsert hos eit svensk firma. Flaget er blitt nytta under eigne arrangement og når løparar frå klubben deltar i o-løp i inn- eller utland.

Premie-/gavekrus med klubblogo og namn: I 2010 blei det laga eit nytt krus med påtrykt klubblogo, klubben sitt namn og teksten: "Me gjere det i skogen". Me investerte i eit rikeleg lager av slike som me i fleire år har nytta som premiar ved DM/KM og kretsløp. Nokre få er att på lager.

Skulebrikker: Til elektronisk tidtaking i enkle stemne utan bruk av PC har SOL nå eitt klassesett med ekt-brikker. Desse blei kjøpt inn nye i 2016 til erstatning for dei gamle skulebrikkene som diverre hadde mista energien og blitt inaktive og dermed ikkje kunne brukast meir.

Konkurranserbrikker: SOL disponerer ca. 30 EKT-brikker. Men alle brikker er nå tilårskomne og dermed upålitelege og må skiftast ut. Det gjeld også eit klassesett med ein tradisjonell type kompass.

Fingerkompass: Klassesett med enkle fingerkompass fekk me frå Gilde-fondet.

Luftgevær: 2 stk. blei innkjøpt i 2016 til bruk under Finn Fram dagen.

Framvisar (projector) blei innkjøpt hausten 2015 for at me lettvint skal kunne halda presentasjonar under eigne arrangement.

Sveio O-lag på nettet www.sveiool.org www.facebook.com/sveiool

Kristian S. Førde har utvikla og gjer vedlikehald av laget sine nettsider. Her prøver me å leggja ut aktuell informasjon rundt ulike arrangement og hendingar. Me har sikra oss server-plass, som opnar

mogelegheter for frodig bruk av bilde og for resultatlister frå egne arrangement og frå andre arrangement som me har deltakarar i. Nettansvarleg Kristian er og IKT-ansvarleg under laget sine arrangement

Kart:

Auklandshamn: Kartet er under revidering/oppdatering

Førde-sprintkart: 1: 4000, ekv: 2,5 m, Ferdig 2022

Ryvarden-marka 1: 10 000 5 m ekv. Ferdig 2013

Tittelsnes Festningen 1: 10000 Årstal ferdig 2009/10

Valestrand skule 1: 2000, 2009/10

Einstadbøvoll 1: 10 000, 2009/10

Einstadbøvoll 2 1: 5000, 2009/10

Auklandshamn 1:10 000, 2004

Auklandshamn skule 1: 5000, 2004

Slettene 1: 5000, 2004

Førde 1:10 000, 1998

Førde nærkart 1: 10 000, 2003

Førde nærkart 1: 5 000, 2003

Førde Prestabryggjo 1: 5000, 2006

Lier 1: 10 000, 2006

Førde skulekart 1: 2000, 2006

Auklandshamn skulekart 1: 2000, 2006

Valestrand 1: 15 000 1973

Kart/løypeteikningsprogrammet: OCAD Orienteering Edition

Følgjande postutstyr er på lager i klubben si eiga: (Laget gjorde monaleg omfattande investeringar i postutstyr til DM Vest) Ca 100 postskjermer i bra stand. Dertil hadde laget ved årsskiftet EKT postutstyr til alle postar med kodenr. frå og med 100 til og med 176. I tillegg har me åtte startpostar (Null-postar) og dobbelt sett av postane 100, 110, 120 og 130, pluss post nr. 97.

Tidtakarutstyr: MTR2 med printer og pc-kabel, MTR3 med EPR-3(printer) og pc-kabel 2x MTR4 med 1 EPR-3(printer) og pc-kabel(USB) 250-avlesar og USB-avlesar. Lisens til tidtakarprogrammet E-timing.

Fleire posteiningar er blitt forelda og må bytast ut i året som kjem. Det same gjeld delar av tidtakarutstyret.